



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 362.1-300

Sak nr 17/2020

Møtedato: 19.5.20

Møtestad: Slidre


Saksbehandlar: Harald Ranum

## F 300, Rensenn – søknad om dispensasjon frå arealgrense, oppmåling av arealtomt mm

Hyttefestaren søkjer om dispensasjon til å bygge om uthus/anneks og å føre opp eit tilbygg på hytta. Arealet blir totalt redusert frå 111 m<sup>2</sup> til 110 m<sup>2</sup>. Reglane i kommuneplan om maksimalt areal må det behandlast som dispensasjonssak sjølv om arealet er omtrent det same som tidlegare. Statskog ber om uttale.

Hyttefestet ligg i ytterkan av stølsjorde til Øygardstølen. Det er ca. 25 meter avstand mellom uthus/anneks og hytta. Ut frå teikningane ser det ut til at uthus/anneks er nybygg, det er uansett så stor ombygging at det i praksis er tilsvarande nybygg. I utkast til ny kommuneplan er det skissert at avstand mellom hytte og anneks maksimalt skal vera 12 m.

Det vil bli etablert VA-anlegg og Statskog krev då oppmåling av tomt (maks 1 daa). Det er ikkje med kartskisse som viser kvar VA-anlegg skal plasserast. Når det skal etablerast arealfeste er det naturleg å sjå på inngjerding av arealet. Det blir normalt tillate inngjerda 600 m<sup>2</sup> inkludert hus. Ut frå flyfoto ser det ut til at inngjerding av festet er ca. 50 % større.



At festaren får føre opp eit tilsvarande areal som det er frå før, bør vera ei kurant sak å få godkjent. Sjølv om høgdå blir auka, vil uthuset få ei betre utforming. Sidan annekset skal byggast nytt, bør det stillast krav til at det blir ført opp med maksimalt 12 meter avstand til hytta. Endeleg plassering av uthus, bør likevel vente til ein kan få målt opp tomta. Ein vil då lett kunne plassere både uthus og VA-anlegg innanfor tomta. Inngjerding av tomta må avgrensast til standardareal på 600 m<sup>2</sup> inkl. bygningar.

### Framlegg til vedtak:

Fjellstyret tilrår at festaren får løyve til å før opp tilbygg til hytta på 5 m<sup>2</sup> mot at uthus/anneks blir redusert med 6m<sup>2</sup>. Vilkår for tilrådinga er at uthus/anneks blir flytta slik at det maksimalt 12 meter avstand til hytta og at både uthus og VA-anlegg blir plassert innanfor oppmålt tomt på 1 daa. Inngjerding av hytta må avgrensast til standardareal på 600 m<sup>2</sup> inkl. bygningar.

**Nye opplysningar 19.5.20:** Søkjar opplyser at bygget som skal rivast er eit kombinert uthus/anneks. Ved befarung på staden kan ein ikkje sjå at dette stemmer, der ser ut til å vera eit vanleg uthus. I så fall vil reglane i kommuneplan ikkje tillate å gjera om alt uthusareal til hyttefunksjon. Reglar i kommuneplan: *Sanering av ev. gamle uthus og liknande utover T-BRA = 80 m<sup>2</sup>, gjev ikkje rett til å bygge på hytta tilsvarande.* Kommunestyret har sagt det skal vera kurant å få dispensasjon opp til 100 m<sup>2</sup>. I denne saka vil det derfor ikkje vera rom for å auke hyttearealet ut over 100 m<sup>2</sup>.

### Framlegg til vedtak etter nye opplysningar:

Fjellstyret tilrår at festaren får løyve til å før opp tilbygg til hytta og nytt anneks med eit samla areal på 100m<sup>2</sup>. Vilkår for tilrådinga er at anneks blir flytta slik at det maksimalt er 12 meter avstand til hytta og at både anneks og VA-anlegg blir plassert innanfor oppmålt tomt på 1 daa. Inngjerding av hytta må avgrensast til standardareal på 600 m<sup>2</sup> inkl. bygningar.

### Vedtak:

Fjellstyret tilrår at festaren får løyve til å før opp tilbygg til hytta og nytt anneks med eit samla areal på 100m<sup>2</sup>. Vilkår for tilrådinga er at anneks blir flytta slik at det maksimalt er 12 meter avstand til hytta og at både anneks og VA-anlegg blir plassert innanfor oppmålt tomt på 1 daa. Inngjerding av hytta må avgrensast til standardareal på 600 m<sup>2</sup> inkl. bygningar.

Vedtaket er samrøystes.

I følge forvaltningsloven er dette ikkje enkeltvedtak og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 20.5.20

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Statskog  
Vestre Slidre kommune